



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Kenth Paul Opheim	<b>Arkivkode:</b> FE-223, FA-Q15
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1331	<b>Løpenr:</b> 19/7515
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.10.2019	028/2019
Kommunestyret	17.10.2019	044/2019

## Tilskot privat veg

### 17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Martin Haugen (BI) stilte spørsmål om sin gildskap i saka, då Haugavegen, ein av dei omsøkte vegane, går til eigedommen hans. Han har også vore med på å finansiera utbetringa av denne vegen.

Representanten gjekk ifrå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans.

Martin Haugen (BI) vart funnen ugild jf. forvaltningsloven §6 2.ledd med 19 røyster mot ei røyst frå Knut Harald Frøland (BI).

Bjarte Linga (BI) tok plassen som vara for Haugen under handsaminga av saka.

Sture Tveit (H) bad om å få vurdert gildskapen sin då han nyttar same veg til eigedomen sin som til Osteriet på Tveit. Dette er ein av dei omsøkte vegane i saka.

Representanten gjekk ifrå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. Sture Tveit (H) vart funnen ugild med 16 mot 4 røyster jf. forvaltningsloven §6. 2.ledd og deltok ikkje i handsaminga av saka. Representantane som stemte for at Tveit skulle vera gild i handsaminga av saka var: Arild Røen (H), Lena Tveit (BI), Solveig Vassenden (BI) og Knut Harald Frøland (BI).

Øyvind Strømmen (MDG) presiserte at dersom vedtaket frå formannskapet vart vedteke måtte ordlyden i andre avsnitt endrast frå "Formannskapet oppmodar.." til "Kommunestyret oppmodar..". Kommunestyret slutta seg til dette, og administrasjonen fekk i oppgåve å endre teksten slik at ordlyden i vedtaket vart rett.

Monica Tjønnå (Sp) ytra ønskje om at kommunestyret i framtida får handsame ei prinsippiel sak om tilskot til private vegar.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med dei redaksjonelle endringane som Strømmen påpeika.

### KS- 044/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev ikkje tilskot til vedlikehald/oppgradering av privat veg etter søknad frå Bente Getz for veg på Tveit og Ottar Haugen for veg i Hisdalen. Kommunen har ikkje økonomi eller vedteke eigen tilskotsordning til private vegar.

Kommunestyret oppmodar Osteriet i Samnanger til å søkja næringsfondet om støtte, og peiker i den

samanheng på at det då også er naudsynt å diskutera støtte til veg frå næringsfondet på eit prinsipielt grunnlag.

### **03.10.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt i forhold til rådmannen sitt framlegg:

- Formannskapet oppmodar Osteriet i Samnanger til å søkja næringsfondet om støtte, og peiker i den samanheng på at det då også er naudsynt å diskutera støtte til veg frå næringsfondet på eit prinsipielt grunnlag.

Øyvind Strømmen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 028/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune gjev ikkje tilskot til vedlikehald/oppgradering av privat veg etter søknad frå Bente Getz for veg på Tveit og Ottar Haugen for veg i Hisdalen. Kommunen har ikkje økonomi eller vedteke eigen tilskotsordning til private vegar.

Formannskapet oppmodar Osteriet i Samnanger til å søkja næringsfondet om støtte, og peiker i den samanheng på at det då også er naudsynt å diskutera støtte til veg frå næringsfondet på eit prinsipielt grunnlag.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune gjev ikkje tilskot til vedlikehald/oppgradering av privat veg etter søknad frå Bente Getz for veg på Tveit og Ottar Haugen for veg i Hisdalen. Kommunen har ikkje økonomi eller vedteke eigen tilskotsordning til private vegar.

### **Dokument som er vedlagt:**

Utbedring Vei til Osteriet  
søknad omtilskot

### **Kva saka gjeld:**

SK har motteke to søknader om tilskot til private vegar. Den eine gjeld tilskot til utbetring av Haugavegen i Hisdal samt utbetring av veg til Osteriet på Tveit.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Det er ikkje sett av midlar til tilskot til utbetring av private vegar i budsjettet for 2019. Tidlegare har det vore ei ordning i SK med tilskot til utbetring av private vegar, men denne ordninga vart avvikla på 1980- talet. Det var då ei vegnemnd som tildelte tilskota.

Om Samnanger kommune ynskjer å innføre denne ordninga på nytt, bør det vedtakast vedtekter for tildeling av midlar med ein søknadsfrist. Denne fristen må då gjelde for alle private vegar, og tilskotet må vera vedtatt i framtidige budsjett.

I samband med utvikling av felles infrastruktur i Rolvsvåg Industriområde, har delar av næringsfondet vert nytta for å utvikle eit felles næringsområde med infrastrutur. Det har ikkje vore gitt driftstilskot frå Næringsfondet til opprusting av private vegar til eller til veg i privat næring. Dersom kommunen vel å gje Getz eller Haugen tilskot til opprusting av vegen, bør ein vurdere om det er andre som og driv med landbruk, som bør kunne få likande tilskot.

Tilskot til nokre få private vegar, vil fort kunne skape presedens overfor alle andre private vegar i

kommunen.

Samnanger kommune sitt driftsbudsjett til vegvedlikehald er på 450.000 kroner for om lag 25 km kommunal veg.

Dersom kommunen skal opprette ny tilskotsordning for private vegar må dette budsjetterast i tillegg frå kommunen sitt driftsbudsjett/disposisjonsfondet. Det bør og vera ei vegnemnd som tildeler tilskota ut frå vedteken retningsliner. Ut frå kommunen sin økonomi ser ikkje administrasjonen grunn til å oppretta ei ny slik ordning. Dei vegar som er private må eigarane sjølv syte for å vedlikehalde, utan tilskotskot frå Samnanger kommune.